

## Til Bondebladet nr. 38 2012



[www.grontprodusentene.no](http://www.grontprodusentene.no)

### Fruktavlinga 2012.

Etter ein ganske fin vinter, kom våren for fullt i mars månad og sette fart i utviklinga. Begynnande bløming i april og byrjinga av mai, aukar risikoen for frost og kaldt ver i bløminga. Slik skjedde det også dette året. Spesielt på Austlandet gav det kalde veret utover i mai, därleg fruktsetting og frostskade på frukta. På Vestlandet var utviklinga noko seinare, og med det fine veret som kom i slutten av mai, vart det fin setting på eple dei fleste stader på Vestlandet.

#### Moreller:

På Austlandet vart avlinga i stor grad øydelagt av kaldt ver, men på Vestlandet vart det mange stader ei brukbar avling. Spesielt i Lærdal i Sogn vart det dette året bra. Veret fram mot mogning og hausting var også gunstig, slik at kvaliteten dette året var fin.

#### Plomme:

Dei siste åra har plommeavlina her i landet lege på i underkant av 1 000 tonn plomme. Det har vore for lite til å dekka marknaden. For å dekka ein auka etterspurnad, har plommearealet auka med ca 30 % frå ca 3 000 dekar til 4 000 dekar. Men det kalde veret i første del av mai, gjorde at avlinga mange stader vart kraftig redusert. Så langt tyder det på ei avling på ca 900 tonn som er litt mindre enn dei siste åra.

#### Eple:

Epleavlina på Austlandet er kraftig redusert for dei viktigaste sortane slik som Raud Gravenstein og Aroma. På Vestlandet ser det derimot ut til å bli ganske god epleavlning. Totalt for landet viser prognosene ca 7 000 tonn eple som er meir enn i fjar. Men mindre enn gjennomsnittet for dei siste åra.



Bilete: eple (Aroma) med "slips" som er eit resultat av frost i blomen.

Ansvarleg for GPS-spalta denne veka er Bjørn Eidhammar [bjorne@grontprodusentene.no](mailto:bjorne@grontprodusentene.no)